

## Til grunneigarane i Vikebygd

Arbeidet med å skriva bygdebok for Vikebygd i Vindafjord kommune er kome så langt at me sender ut delar av manus til de grunneigarar for kontroll. Kvar av dykk får no tilsendt det utkastet som gjeld eigedom/bruksnummeret dykkar. Mykje av arbeidet no handlar om å få personopplysningane korrekt på plass. Difor ber me om hjelp til kontroll og kvalitetssikring av manuskriptet. Me ber dykk om:

- *å retta feil og å føya til opplysningar som manglar*

Trykkeklaart manuskript skal liggja føre ved utgangen av 2017 slik at bygdebøkene kan bli trykte neste år dersom kommunen løyver midlar til trykking.

Familiane eller hushalda blir stilte opp under dei enkelte bruksnumra etter eit fast system. Me kan sjå på eit døme:

Ola Vikedal f. 1935 på Mo gifta seg på Stord 1960 med Else Marie Lunde f. 1937 på Dimmelsvik i Kvinnherad.

Born:

- Konrad f. 1961, Øvra Vikedal, gm Aslaug Ekrheim.
- Bjørn f. 1963, byggjefeltet Rabben på Eikeland, gm Linda Hallingstad.
- Svanhild f. 1968, Eikeland, gm. Andreas B. Andreassen.

Oppstillinga fortel at hovudpersonane er Ola og Else Marie. Namna deira er i uteva skrift. Ved fleire førenamn ber me om understrekning av det mest brukte namnet. Opplysningar om yrke ber me om at de gir opp for hovudpersonane. Vidare er tatt med kor dei kom frå, fødselsår, ev. dødsår, år for giftarmål, ev. fleire giftarmål, blir tatt med for hovudpersonane. Me ber om at de så langt som mogleg kontrollerer, og dersom de finn feil, sender oss rettingar av desse opplysningane.


For borna ber me om at de kontrollerer og ev. sender oss rettingar av fødselsår, eventuelt dødsår, kor dei bur/budde og om ektefelle/sambuar. For ektefellene/ sambuarane til borna ber me også om kontroll/retting av opplysningane. Avslutta sambuarforhold med born ber me om blir gitt opp, like eins skilsmisser. Når det gjeld born som blei buande i kommunen, treng me opplysningar om på kva gard eller stad dei bur/budde, dersom dette ikkje er med eller er feil. For born som er flytta ut av bygda, ønskjer me helst opplysningar om kva gard eller bustad dei bur/budde på, i kva bygd og i kva kommune.


Familieopplysningar som me ikkje har med, t. d. born som manglar, er svært viktige. Dersom de ser at familiar eller personar er plasserte feil, treng me tilbakemelding om det. Det er fint om de - i den grad det er mogleg - også kan gi/kontrollera opplysningar om tidlegare eigagarar og eventuelle fastbuande forpaktarar/brukarar av bruksnummeret/eigedom dykkar. For reine ferieegedomar tar me berre med namn på eigar.

Me ber om tilbakemelding på teksten 3 - tre - veker etter at de fekk han. Bruk gjerne eige ark. Dersom me ikkje hører noko frå deg/dykk, oppfattar me opplysningane som godkjende.

Stavanger, 10.05.2017

Venleg helsing

  
Kari G. Hempel

  
Arne Langhelle

Kari G. Hempel, Arne Langhelle og Nils Olav Østrem

-tlf. og e-postadresse til Kari: 51 83 30 54 / 924 86 948 / [kari.hempel@uis.no](mailto:kari.hempel@uis.no)

Bruk 7 - Lien (33 øre).

Skuldkifte i 1895 der denne eigedomen blei utskilt frå bruk 1 (tgl).

**Kolbein Knutson Tindeland** frå Tindeland bruk 1, f. 1859, d. 1916, gifte seg i 1888 med **Ragnhild Gurine Tolleivsdtr. Tindeland** frå Tindeland bruk 3, f. 1865, d. 1958.

Born:

- a. Knut f. 1888, til USA 1905, South Springs, Sør-Dakota i USA, gm. Anna (-) frå Bokn.
  - b. Tollef f. 1890, til USA i 1909, til familie i Iowa.
  - c. Asseline f. 1892, til USA i 1910, busett i Sør-Dakota.
  - d. Ingvald f. 1895, USA, gm. Libby (-).
  - e. Karoline f. 1898, Tindeland, sidan Etne, gm. ein Peterson frå Etne.
  - f. Gudmund f. 1902, sjå nedanfor.
  - g. Marie f. 1904, til Sør-Dakota i 1923, sidan Minneapolis, gm. Holger Johansson frå Sverige.
  - h. Karl Gustav f. 1906, til Sør-Dakota 1923 for å søkja arbeid. Busett i Des Moines, ugift.
  - i. Berta Gurina f. 1908, sjå nedanfor.

Kolbein var voksen opp på bruk 1 og Ragnhild Gurine på bruk 3 på Tindealnd. Kolbein arbeidde på eit verft og var tømmermann og snikkar ved sida av. Seinare hadde han sjøfart og fiske som attåtnæring. Han kjøpte bruket Lien av broren Knut Knutson i 1896 og rydda jorda her. Dottera Karoline reiste i 1915 og 1920 på vitjing til familie i Des Moines i Iowa.

**Gudmund Tindeland** f. 1902, d. 1968, tok over bruket etter mor si i 1939 for kr 3000. Han fostra kring 1960 to kyr, ein gris og fem sauar. Han var ugift. I 1956 blei bruket føydd saman med bruksnummer 16.

**Bertha Gurine Kolbeinsdtr. Tindeland** f. 1908, d. 1996 gifte seg med **Peder Alfred Bjørgen** f. 1902, d. 1999, frå Bjørgjo i Valestrand, no Sveio (23e). Etter at broren Gudmund var død, fekk Bertha skøyte i 1969 frå medarvingane og søskena sine for kr 30.000. Bertha og Peder budde på Bjørgjo i Valestrand (24). Borna deira tok over eigedomen etter at foreldra døydde.

**Rune Leander Hansen** f. 1955 i Trøndelag, gift med **Trude Monica** (-), f. 1968 i Trøndelag.

Born:

- a. Balder f. 1986 i Orkanger, Aure kommune, Møre og Romsdal.
- b. Idun f. 1988 i Tustna kommune, Møre og Romsdal.
- c. Gudmund Casanus f. 1991 i Skaun kommune, Sør-Trøndelag.
- d. Frøydis Herdig f. 1993 i Skaun kommune, Sør-Trøndelag.
- e. Stauda Sofie f. 1997 i Sveio
- f. Alfredo Ao f. 1999 Høylandet kommune, Nord-Trøndelag.
- g. Mariel Rose f. 2001 Høylandet kommune, Nord-Trøndelag.
- h. Urda Lilje f. 2003 i Vikebygd.
- i. Solborg Sera f. 2006 i Vikebygd.
- j. Tormod f. 2008 i Vikebygd.

Dei fekk skøyte i 2002. Dei har tidlegare budd fleire stader, mellom anna i Trondheim, i Aure, Tustna, Skaun, Rindal, Sveio og på Høylandet. Trude Monica bur no i Haugesund.

S  
itetet  
anger

4036 Stavanger

12.05.17

Avgård  
ISS Facility Services AS  
Stavanger



Rune Leander Hansen

Hansen Rune Leander  
Vikevegen 1808  
5568 Vikebygd



4036 Stavanger

12.05.17

Avsender  
ISS Facility Services AS  
Stavanger

Rune Leander Hansen

Hansen Rune Leander  
Vikevegen 1808  
5568 Vikebygd